

SELJORD



Strategisk næringsplan 2009-2012



Vedtatt i kommunestyret

Innhold:

1	Innleiing.....	- 3 -
2	Planprosessen	- 3 -
3	Planperiode, revidering/evaluering.....	- 3 -
4	Hovedmål og prosjektmål for planperioden	- 4 -
4.1	Hovedmål.....	- 4 -
4.2	Resultatmål	- 4 -
5	Strategiar og tiltak	- 5 -
6	Vedlegg.....	- 8 -
6.1	Kulturmagneten Seljord.....	- 8 -
6.2	Seljord og sogene.....	- 8 -
6.3	Oversikt over folketalsutvikling.	- 8 -
6.4	Oversikt over handelsutvikling.....	- 8 -
6.5	Sysselsetting Seljord fram mot 2012	- 8 -
6.6	Statistikk over overnatting campinggjester/besøk hyttegrender.....	- 8 -
6.6.1	Tal campingovernatting 2000 – 2008	- 8 -
6.6.2	Overnatting camping pr nasjonalitet 2004 – 2008.....	- 8 -
6.6.3	Marknadsdel overnatting camping 2000 – 2008.....	- 8 -

STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR SELJORD

1 Innleiing

Strategisk næringsplan for Seljord kommune skal bidra til at Seljord skal vera ein attraktiv stad å bu, vitje og drive næring i.

Analyserapporten Kulturmagneten (vedlegg nr. 1) syner at "besøksnæringane" handel, reiseliv og kultur står for nesten 40 prosent av dei private arbeidsplassane i Seljord. Samstundes er desse næringane i vekst, og har vore med på å gje Seljord ei god utvikling innan næringsliv og folketal dei siste åra. Besøksnæringane gjev liv og trivsel i kommunen og aukar tilbodet til befolkninga. I dei fleste andre kommunar må ein satse på to frontar; næringsutvikling for å auke talet på arbeidsplassar, og attraktivitet for å stimulere busettinga. I Seljord vil ein vellukka «attraktivitetsstrategi» både auke omsetting og sysselsetting i næringslivet, og trekkje fleire til for å busette seg i bygda. Seljord har også eit etablert namn som er godt kjent og gjev mange positive assosiasjonar.

For å kunne føre vidare denne positive trenden, vil det derfor vera viktig å oppretthalde den posisjonen Seljord har som ein sterk handels-, kultur- og festivalstad. Vidare vil det vera naturleg å styrkje Seljord som feriestad, både for turistar, reisande langs E134 og for hyttefolket. Tiltak med dette som mål, vil samstundes gjera Seljord meir attraktiv som bustad.

"Seljord og sogene" (vedlegg 2) er eit heilskapleg bygdeutviklingsprosjekt der fysisk tilrettelegging og kunst, kultur og opplevingar vert bruka aktivt inn som eit strategisk verkemiddel i stadutviklinga. Prosjektet vert bygd opp med ei rekkje delprosjekt som alle verkar saman mot eit felles mål. Delprosjekta har konkrete tiltak som skal sjåast i samanheng med kvarandre. Proses, samarbeid og felles løft med langsiktig tenking er metoden for å nå målet.

Næringsplanen inneheld strategiar og tiltak frå "Seljord og sogene" samt strategiar og tiltak som er vidareført frå næringsplanen 2005 – 2008. Det har også kome anna nytt til gjennom prosessen i arbeidsgruppa og gjennom politiske vedtak.

2 Planprosessen

Kultur- og næringsutvalet oppnemnde i april 2008 ei arbeidsgruppe sett saman av plan- og næringssjef, to politikarar og to representantar frå Seljord næringslag som har utarbeidd utkastet til ny næringsplan.

3 Planperiode, revidering/evaluering

Planen omfattar planperioden 2009 – 2012 og gjeld inntil kommunestyret reviderar planen. Planen skal minst reviderast ein gong per kommunestyreperiode.

Rådmannen har ansvaret for å setje i verk og fylgje opp mål, strategiar og tiltak i planen. Tiltaka (handlingsdelen) skal evaluerast ei gong i året.

Rapportering

Årleg skal tiltaka i næringsplanen rapporterast/presenterast med tanke på måloppnåing, til kommunestyret ved leiar av kultur- og næringsutvalet og plan- og næringssjef.

4 Hovedmål og prosjektmål for planperioden

4.1 Hovedmål

- Seljord kommune skal vere ein god stad å bu i, besøke og drive næring i.
 - Seljord kommune skal leggje til rette for bustadtomter i heile kommunen.
 - Seljord kommune skal vere med å vidareutvikle Seljord som arrangementsstad.
 - Seljord kommune skal leggje vekt på berekraftig utvikling.
- Seljord skal vere eit regionalt næringsssenter og ein attraktiv lokaliseringsstad for næringsetableringar.
 - Seljord kommune skal stimulere til nyskaping og vidareutvikling av næringslivet i kommunen.
 - Seljord kommune skal stimulere bedrifter utanfor kommunen til å etablere seg i kommunen.
 - Seljord kommune skal arbeide for at offentlege verksemder etablerar seg i kommunen.
 - Seljord kommune må arbeide aktivt for å betre samferdselsårene i og til regionen.
- Seljord kommune skal vere eit populært reisemål og ein stoppestad for besøkande.
 - Seljord kommune skal i samarbeid med næringslivet og kulturaktørane koordinere aktivitetar innan reise- og næringsliv, kulturaktivitetar, uteliv og arrangement.
 - Seljord kommune skal arbeide for å skape levande og trivelege sentrum.
 - Etske omsyn og universell utforming skal vere gjennomgåande ved planlegging og utforming av det fysiske miljøet i kommunen.
- Seljord kommune skal vere ein "JA-kommune" der lovar, forskrifter, retningslinjer med meir skal nyttast for å sjå moglegheiter, ikkje for å finne hindringar.

4.2 Resultatmål

1. Samla tal på arbeidsplassar i privat næringsliv skal auke med 45 i planperioden, frå 855 til 900.
2. Netto innflytting til kommunen frå andre delar av landet, skal vere på ein prosent i planperioden (innbyggjartal pr 1. januar 2009 er 2.925).
3. Det skal til ein kvar tid vere 30 tilgjengelege byggeklare kommunale/private bustadtomter i heile kommune.
 - Minimum 50% skal vere sentrumsnære bustadtomter.
4. Seljord kommune skal registrere talet på bustadar pr år (talet på bustadar pr 01.01.09 er 1 268).
5. Seljord kommune skal registrere talet på nye verksemder pr år (verksemder pr 01.01.09 er 463).
6. Seljord kommune skal auke eiga marknadsdel i Telemark fylke på overnatting innan camping og hyttegrender på 1% i planperioden (i 2008 var talet på overnatting camping og hyttegrender 35 140).

5 Strategiar og tiltak

Strategi nr. 1

Seljord kommune skal sikre næringslivet i Seljord gode, stabile og oversiktlege rammetilhøve.

Tiltak:	Ansvar:	Rapportering
1. Kommunen skal til ein kvar tid ha sikker og fleksibel tilgang til næringsstomter og marknadsføre desse.	Næringskontoret Plan, miljø og teknisk utval	
2. Kommunen skal til ein kvar tid ha sikker og fleksibel tilgang til bustadtomter og marknadsføre desse.	Teknisk avdeling Plan, miljø og teknisk utval	
3. Ha ein aktiv dialog med Vest-Telemark Næringsbygg AS om næringsbygg i kommunen.	Næringskontoret Ordførar	

Strategi nr. 2

Seljord kommune skal sikre tett samarbeid mellom næringsliv, kulturaktørane og kommune.

Tiltak:	Ansvar:	Rapportering:
1. Administrasjonen deltek på styremøta i Næringslaget.	Næringskontoret	
2. Administrasjon/politisk leiing besøker minst 20 eksisterande verksemder pr. år.	Ordførar Næringskontoret	
3. Alle nye verksemder skal møtast av administrasjon/politisk leiing og ha eit oppfylgingssamtale innan eit år.	Ordførar Næringskontoret	
4. Administrasjonen og politisk leiing skal arbeide for å samordne og styrke kulturnæringane.	Kulturkontoret Kultur- og næringsutvalet	
5. Administrasjonen og politisk leiing skal vere med på å innføre eit kulturnettverk i kommunen og utarbeide ein kulturkalender.	Kulturkontoret Kultur- og næringsutvalet	
6. Innhente og utarbeide handels-/omsettingsstatistikk og sysselsettingsutviklingsstatistikk årleg.	Næringskontoret	

Strategi nr. 3

Seljord kommune skal legge til rette for kompetanseutvikling lokalt

Tiltak:	Ansvar:	Rapportering:
1. Seljord kommune skal vere medspelar for å halde oppe og vidareutvikle Bø vidaregåande skule, avdeling Seljord og Seljord folkehøgskule	Formannskapet	
2. Kommunen skal utnytte relevante kompetansemiljø i Telemark til å utvikle Seljord.	Næringskontoret	
3. Seljord kommune skal arbeide for etablering av kompetansebedrifter i Seljord.	Næringskontoret kultur- og næringsutvalet	

Strategi nr. 4

Seljord kommune skal styrke og vidareutvikle Seljord som eit næringsssenter

Tiltak:	Ansvar:	Rapportering:
1. Minimum kr 500 000 av næringsfondet skal årleg nyttast til næringsstøtte som etableringsstøtte og fornying, utviding og omstrukturering av eksisterande næring.	Kultur- og næringsutvalet	
2. Synleggjere mangfaldet og vera med på å utvikle presentasjon av aktivitetstilbod i Seljord på kommunen si heimeside.	Kulturkontoret	
3. Aktivt arbeid for å bevare og vidareutvikle offentlege arbeidsplassar.	Formannskapet	
4. Medverke til etablering av tenesteytande verksemder og dei handelstilboda som manglar eller er svakt utvikla i Seljord.	Næringskontoret Kultur- og næringsutvalet	

Strategi nr. 5

Seljord kommune skal arbeide med omdømmebygging og auke attraksjonskrafta

Tiltak:	Ansvar:	Rapportering:
Fylgje opp delprosjekt og tiltak i bygdeutviklingsprosjektet "Seljord og sogene" <ul style="list-style-type: none">Tiltak A: Turveg – FolkestienTiltak B: Formidling, skilting og møbleringTiltak C: Dyrsakuplassen	Prosjektansvarleg, Styringsgruppe og prosjektgruppe i "Seljord og sogene"	

<ul style="list-style-type: none"> • Tiltak D: Granvin • Tiltak E: Området rundt skulen og kunstlåven • Tiltak F: Lomoddokki • Tiltak G: Tusenårsstaden • Tiltak H: Vallaråi og Bjørgeøyane • Tiltak I: Eventyrøy • Tiltak J: Vatnet og Sjøormen • Tiltak K: Stoppestaden • Tiltak L: Tverrkunstnariske Seljord • Tiltak M: Marknadsføring 		
--	--	--

Strategi nr. 6

Seljord kommune skal satse på regionalt samarbeid i Vest-Telemark

Tiltak:	Ansvar:	Rapportering:
1. Satse på interkommunalt samarbeid og marknadsføring. <ul style="list-style-type: none"> • Arbeidsmarknaden • Vest-Telemark som turiststad • Er pilotkommune for synleggjering av kulturarrangement/sogestad i samarbeid med Sogelandet. 	Ordfører Rådmann	
2. Utvikle samarbeidet med Vest-Telemark Næringsutvikling AS om næringsrådgjeving	Ordfører Rådmann	
3. Utvikle samarbeidet regionalt i Vest-Telemark.	Ordfører Rådmann	
4. Samarbeide om betre infrastruktur som mobildekning og veg.	Ordfører Rådmann	
5. Samarbeide om fremjing av entreprenørskap	Ordfører Rådmann	

6 Vedlegg

6.1 Kulturmagneten Seljord

6.2 Seljord og sogene

6.3 Oversikt over folketalsutvikling.

6.4 Oversikt over handelsutvikling.

6.5 Sysselsetting Seljord fram mot 2012

6.6 Statistikk over overnatting campinggjester/besøk hyttegrender

6.6.1 Tal campingovernatting 2000 – 2008

6.6.2 Overnatting camping pr nasjonalitet 2004 – 2008

6.6.3 Marknadsdel overnatting camping 2000 – 2008